



Voss herad

# Sti- og løypeplan for Voss herad 2020-2024



**Vedteken av Voss herad 22.10.2020**  
(sak 94/20, Voss heradstyre)



## Innhald

1	Innleiing .....	3
2	Formål med planen.....	3
3	Lovverket og nasjonale føringar .....	4
4	Kommuneplanen.....	7
5	Planarbeid.....	8
6	Ulike interesseområde i utmark .....	9
6.1	Landbruk .....	9
6.2	Friluftsliv og folkehelse.....	9
6.3	Kulturminne .....	15
6.4	Reiseliv.....	16
6.5	Biologisk mangfald og urørt natur .....	16
7	Moglege konfliktområde .....	20
8	Retningslinjer for bruk av utmarksareala i heradet.....	25
9	Tiltaksplan.....	26
9.1	Tilrettelegging av friluftstilbod i senterområde .....	26
9.2	Villreinområda .....	27
9.3	Opparbeiding og drift .....	27
9.4	Tiltaksplan .....	28
10	Vedlegg .....	43
10.1	Definisjonar .....	43
10.2	Tilskotsordningar .....	43
10.3	Oversikt over kommunale tilskot til grunnleige og straum i Voss kommune, 2019 .....	44
10.4	Villrein i friluftsområda i Voss herad, ei analyse av sårbarheit (eigen rapport) .....	45
10.5	Oversikt over Voss Utferdslag sine T-merka ruter i Voss herad.....	46
10.6	Vedtak, Voss heradstyre sak 94/20 .....	51



## 1 Innleiing

Voss herad har store utmarksareal. Ein del av fjellområda er framleis utan større tekniske inngrep, såkalla «inngrepsfrie naturområde». Andre område er i dag prega av kraftutbygging, hyttebygging og vegar. Voss ski- og tursenter, Voss Resort og Myrkdalen Fjellandsby har tilrettelagt større område med løyper, og det er også tilrettelagt langrensløyper m.a. i Årmotslia og i Haugsåsen skisenter. DNT/ Voss Utferdslag/Granvin Turlag har bygd fleire turisthytter og etablert eit omfattande løypenett i fleire av fjellområda. Planstrategi for Voss kommune, 2017-2020, legg opp til at det skal utarbeidast ein sti- og løypeplan for Fjellheimen villreinområde. Fellesnemnda for samanslåing av Voss kommune og Granvin herad gjorde i sak 20/18 vedtak om at planområdet skulle utvidast og gjelde for heile det nye Voss herad.

Vestland Fylkeskommune har gjeve tilskot til arbeidet med planen.

## 2 Formål med planen

Sti og løypeplanen er utarbeida etter 3 hovudmål;

- Fremja friluftsliv og folkehelse ved å tilrettelegge tur- og skiløyper i heradet.
- Avvega ulike interesseområde i utmark og utarbeide retningslinjer for bruk av utmarksareala til friluftsliv.
- Prioritera kommunen sin verkemiddelbruk på friluftsliv

Nasjonale undersøkelser viser at ca. 60 % av oss ynskjer å vera meir aktive. Rundt 50 % ynskjer dette i form av å utøva friluftsliv. Det er eit nasjonalt mål at folk flest skal kunne utøva friluftsliv i nærmiljøet sitt, helst utan bruk av bil. Alle skular, barnehagar og eldresenter/helsetun bør derfor ha eigna turveggar/stiar eller turruter i nærmiljøet.

Større hytteområde bør tilsvarande ha gode stiar/rundløyper i nærmiljøet sitt.

Som turistkommune vil det og vera viktig å tilretteleggja løyper som er eigna for besøkande. Stiar/gangveggar der ein kan oppleve intakt natur, vassdrag og/eller kulturminner gjev turen ein ekstra dimensjon og vil gjerne medføra auka bruk.

Levekårsundersøkelse (2001-2017) viser at ca. 90 % av friluftaktivitetane i Noreg er enkle, tradisjonelle aktivitetar, utan bruk av spesielt utstyr. Men nye friluftaktivitetar er i utvikling. Spesielt er sykling i utmark ein veksande aktivitet. Dette tilseier at det er viktig å samordna dei ulike utmarksinteressene på ein best muleg måte, slik at konfliktnivået vert minst muleg i framtida. Ein sti- og løypeplan vil kunne vera eit eigna verkemiddel for å oppnå dette.

Undersøkelser har vist at ca. 30 % av oss aldri går utanom tilrettelagde løyper, og at ytterlegare 20 % kun gjer dette av og til. Tilrettelegging av løyper med merking og informasjon kan derfor og vera ein effektiv måte for å kanalisera ferdsle. Tilrettelegging kan derfor og vera eit eigna verkemiddel for å skjerma og ivareta sårbare artar og naturområde.



### 3 Lovverket og nasjonale føringar

Stortingsmelding 18 (2015-16) «Friluftsliv- Natur som kilde til helse og livskvalitet» legg vekt på ivareta og tilrettelegga for eit aktivt friluftsliv. Som ei oppfølging til stortingsmeldinga laga Miljødirektoratet i 2019 laga ein rettleiar; «Plan for friluftslivets ferdselårer» som omhandlar korleis ein nærare bør tilrettelegga for å kunne utøva eit aktivt friluftsliv. Sti- og løypeplanen for Voss herad er utarbeida i tråd med føringane her.

#### Friluftslova

Retten til fri ferdsle og opphald i naturen (allemannsretten) er heimla i *Friluftslova*;

§ 1. (*Lovens formål*)

*Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmennhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes.*

Allemannsretten gjev rett til fri ferdsle også med sykkel på vegar og stiar i utmark ;

§ 2. (*Ferdsel i utmark.*)

*I utmark kan enhver ferdes til fots hele året, når det skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet.*

*Det samme gjelder ferdsel med ride- eller kløvhest, kjelke, tråsykkel eller liknende på veg eller sti i utmark og over alt i utmark på fjellet, såfremt ikke kommunen med samtykke av eieren eller brukeren har forbudt slik ferdsel på nærmere angitte strekninger. Kommunens vedtak må stadfestes av fylkesmannen.*

På innmark er fri ferdsel avgrensa til frossen eller snødekt mark i perioden 15 okt. til 30 april. Sommarstid må ein derfor halde seg på vegar eller stiar som fører til utmark.

Etter § 10 i friluftslova skal ein ha grunneigar sin tillatelse til organisert ferdsle, dersom dette kan medføra nevneverdig skade eller ulempe for grunneigar.

§ 35 gjev kommunen likevel rett til inngrepsløyve for å lette ferdsel i utmark

Det fylgjer av § 35, første ledd at kommunen kan; *varde og merke opp ruter og turstier i utmark, og den kan på bestemte steder bygge klopper eller bruer og sette i verk andre tiltak for å lette ferdselen langs ruter og turstier i utmark.*

Det fylgjer vidare av § 35, andre ledd at kommunen ved enkeltvedtak kan gje

*«organisasjoner som har til formål å fremme reise- og friluftsliv. rett til å varde og merke opp ruter og turstier i utmark i».*

I § 35, 6 ledd heiter det; *Ved merking av ruter skal eieren (eller brukeren) varsles i god tid før merkingen blir satt i verk. Motsetter han seg merking etter første eller annet ledd, avgjør kommunen om og i tilfelle på hvilken måte merking skal tillates.*

I forarbeida, prop. 83 L (2010-2011) blir det utdjupa kva tiltak som kjem inn under bestemmelsen;



- Bestemmelsen gjev moglegheit for å tillate maskinpreparing av skiløyper sjølv om grunneigar har nekta motorferdsel.
- Tillatelse til maskinpreparering kan ikkje vedtakast generelt, men kun for bestemte stader.

Friluftsløva (§11) set og ansvar til den einskilde om å oppføra seg slik at ein ikkje påfører miljøet, grunneigar eller andre brukarar skade.

### Lov om motorisert ferdse i utmark

Lova gjev opning til motorisert oppkøying av løyper. Det gjeld oppkøying av løyper som er heimla direkte i lov eller forskrift. Etter forskrift til lova § 3e, kan opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for ålmenta og for konkurranse skje, når det vert utført av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter.

I forskrifta § 2a er det opna for bruk av elektriske sykklar i utmark.

*Med elektriske sykklar menes sykklar som er utstyrt med elektrisk hjelpemotor med maksimal nominell effekt på høyst 0,25 kW som reduseres gradvis ved økende hastighet og opphører ved 25 km/t eller tidligere hvis sykklisten slutter å trå. Sykkelen kan ved motorkraft alene nå en maksimal hastighet på 6 km/t. Kommunen kan i forskrift bestemme at bruk av elektriske sykklar som nevnt i første ledd likevel ikke er tillatt i bestemte områder eller på nærmere angitte strekninger eller traséer.*

### Lov om hundehald

Hundeløva §6 set krav om at ;

I tiden fra og med 1. april til og med 20. august skal en hund bli holdt i bånd eller forsvarlig inngjerdet eller innestengt, slik at ikke den kan jage eller skade storfe, sau, geit, fjørfe, rein, hest eller vilt, herunder viltets egg, reir og bo.

Kommunane kan vidare vedta lokale forskrifter om at hundar skal haldast i band eller inngjerast ;

- a) i og i tilknytning til boligområder og handleområder,
- b) i parker, på gravplasser, på og ved skoler, barnehager og anlegg for lek, idrett, sport eller rekreasjon,
- c) på og ved bestemt/angitte turstier, turveier, merkede skiløyper, leir- og rasteplasser,
- d) i bestemt angitte andre områder på land, i vann eller sjø som er allment benyttet som tur- og rekreasjonsområder,
- e) i hele eller deler av kommunen i bestemt angitt tidsrom når storfe, sau, geit eller hest normalt går ute, eller
- f) under ekstraordinære forhold som gjør båndtvang påkrevd for å beskytte viltet.

Voss kommune har vedteke lokal forskrift (2001) om bandtvang som utvidar bandtvangen i den nasjonale forskrifta frå 20 aug. til 1 november.

### Landskapsvernområde og naturreservat

I landskapsvernområda «Stølsheimen» og «Nærøyfjorden» er det spesifikke vernereglar som regulerer kva tiltak og tilrettelegging som det er opna for innanfor vernegrensene.

For begge desse områda er det utarbeida planar for besøksforvaltning som gjev rammer for tilrettelegging og bruk av verneområda.



Tilsvarende er det egne vernereglar i dei mindre naturreservata i heradet, som t.d. Grånosmyrane og Håmyrane naturreservat.

Dei vestlegaste delene av verdsarvområdet «Vestnorsk Fjordlandskap» ligg innanfor grensene til Voss herad. Verdsarvområdet har store inntakte naturområde som er godt eigna til det enkle og lite tilrettelagte friluftslivet.

### Inngrepsfrie naturområde


Inngrepsfri natur har stor verdi både for å ivareta naturmangfaldet og for friluftsliv/reiseliv. Areal av inngrepsfrie område er sterkt redusert dei siste 10-åra. Vegbygging, spesielt skogsvegar og ulike typar energianlegg er dei viktigaste årsakene til tap av inngrepsfri natur. Det er eit mål å ivareta dei resterande inngrepsfrie areala i heradet.

Inngrepsfrie område er delt inn i tre soner:

Villmarksprega område: Område fem kilometer eller meir fra tyngre tekniske inngrep.

Inngrepsfri sone 1: Område som ligg mellom tre og fem kilometer frå tyngre tekniske inngrep.

Inngrepsfri sone 2: Område som ligg mellom ein og tre kilometer frå tyngre tekniske inngrep.






Fig. Kart over inngrepsfrie område i Voss herad

De mørke grønne områdene på kartet er villmarkspreget natur, og ligger 5 km eller mer fra definerte tyngre tekniske inngrep, de mellomgrønne områdene ligger 3–5 km unna, og de lysegrønne 1–3 km unna. Kart: Miljøstatus.

## 4 Kommuneplanen

Kommuneplanen for Voss kommune (2015-2026) hadde følgende mål for friluftlivet;

- *Ved tilrettelegging av friluftsområde skal det takast spesielt omsyn til unge, eldre og funksjonshemma ved universell utforming, der dette er muleg.*
- *I planarbeidet for Bømoen skal ein ta omsyn til universell utforming slik at alle grupper kan nytta Bømoen som rekreasjonsområde.*

I ny kommuneplan for Voss herad (2020-2032) heiter det m.a.:

*Voss skal vera (ei) bygd for sterke opplevingar. I heradet skal ein kunne få sterke og gode opplevingar i naturen, i kulturlivet, på skulen eller i omsorgstenestene. Å sikra verneverdig natur og kulturmiljø i heradet vil vera viktig for folkehelse og livskvalitet, men og for ny nærings- og reiselivutvikling.*

Voss herad sin nye kommuneplan er bygd opp rundt FN sine bærekraftsmål. Mål nr. 3 og 11 har direkte relevans for arbeidet med sti og løypeplanen.





## 5 Planarbeid

Sti- og løypeplanen er utarbeida som ein temaplan. Planarbeidet er likevel kunngjort etter reglane i PBL og det er m.a. opna for å koma med innspel til planarbeidet. Fellesnemnda for samanslåing av Voss kommune og Granvin herad har vore styringsgruppe for arbeidet.

Det er oppretta ei arbeidsgruppe med slik samansetting;

- Lars Even Lemme, Mari Aker, Voss Grunneigarsamskipnad
- Richard Jacobsen, Voss utferslag
- Anne Lorentzen, Granvin turlag
- Olav Farestveit, Anne Karin Dugstad, Voss Idrettsråd
- Randi Engelsen Eide, villreinnemda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell
- Anbjørg Nornes, verneområdeforvaltar for Stølsheimen og Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Mona Hellesnes, Destinasjon Voss

Frå adm.; Nils Helge Kvamme, Gunnar Bergo (prosjektleder)

Som ein del av planarbeidet er Siri W. Bøthun i Sogn Naturforvaltning engasjert til å utarbeide rapporten «Villrein i friluftsområda i Voss herad, ei analyse av sårbarheit». Denne rapporten er eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med sti- og løypeplanen. Rapporten omhandlar heile villreinområda «Fjellheimen», «Raudafjell» og «Oksen» og vil såleis også ha verdi for forvaltninga i dei tilgrensande nabokommunane. Rapporten ligg som vedlegg til planen.



## 6 Ulike interesseområde i utmark

### 6.1 Landbruk

Voss herad er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland. I heile heradet blir det dreve eit aktivt jord- og skogbruk. M.a. blir utmarksareal i stor grad nytta som beiteområde for både småfe og storfe. Sjølv om friluftsløva slår fast at det er fri ferdsle i utmark er det viktig at tilrettelegging i dei ulike områda skjer i nært samarbeid og forståing med dei aktuelle grunneigarane.

### 6.2 Friluftsliv og folkehelse

Friluftsliv er viktig for folkehelsa. Tilrettelegging for det enkle friluftslivet er såleis ei god investering i det førebyggjande helsearbeidet. Spesielt viktig er tilrettelegging for lågterskeltilbod i nærmiljøa som eignar seg for mange, enten dei er unge eller eldre. Prestegardsmoen og Bømoen er gode eksempel på slike område som er eigna for enkle aktivitetar for alle aldersgrupper. I slike område er det viktig å sikra god tilrettelegging. «Dagsturhytta» er eit lågterskeltilbod for turgåarar. Den er om lag 15 kvadratmeter og er ein plass for å ete matpakka si, få litt varme i seg og bla i bøker. I Voss herad vil ei slik hytte bli bygd i nærleiken av eit godt tilrettelagt turområde.

#### Kartlagde område for friluftsliv

Både tidlegare Voss kommune og Granvin herad har gjennomført ei kartlegging av viktige område for friluftsliv innanfor dei gamle kommunegrensene. Desse områda er viktige å ivareta i arealforvaltninga og er vist som temakart (omsynsonar) i kommuneplan for Voss herad (jf. kartvedlegg).

#### Tilrettelagde område for friluftsliv

Det er idag tilrettelagt fleire område for ulike friluftslivstilbod i Voss herad, jf. fig. (kart). Det er m.a. tilrettelagt ei rekkje badeplassar og friområde. Det største og viktigaste friluftsområdet i heradet er Prestegardsmoen. I denne planen vert kun tilrettelagde turløyper og ski- og sykkelløyper omtala nærare.



Friluftsområde ved Tintrabrua (foto Gunnar Berge)




Fig. Kommunalt tilrettelagde friluftsområde i Voss herad



1. Bolstadøyri ; friområde, badeplass
2. Holomarka ; friområde, badeplass
3. Horvei- Brunborg ; kongeveg
4. Evanger; friområde, badeplass
5. Kvitanosi; sti til flyvrak
6. Kvåle; friområde, badeplass
7. Hangurslia ; turstiar
8. Lundarosen ; tursti fuglehytte
9. Melsvatenet ; turveg med flytebrygge
10. Skarvet; turveg ved Voss Mylne
11. Tvildemoen; tursti langs elva
12. Prestegardsmoen; friområde, badeplass
13. Bordalsgjelet, tursti elvegjel
14. Tintrabrua ; friområde
15. Lønaøyane ; fugletårn
16. Vetlavatnet ; badeplass
17. Vinje; badeplassar
18. Vinje, sti til jettegryte
19. Haugsvik; badeplass
20. Stalheim; turveg til Stalheimsfossen og Sivlesfossen
21. Nåli; tursti til husmannsplass
22. Granvinsvatnet ; gang- sykkelveg
23. Haugsåsen; turløyper
24. Eide; friområde, badeplass

### Tilrettelagde løyper i heradet

I Voss herad er det tilrettelagt ei rekkje stiar og løyper av ulike aktørar. Turløypene i Prestegardsmoen og Bømoen er gode eksempel på viktige turområde i nærmiljøet med mange brukarar. I fjellet har *Voss Utferdslag* om lag 40 mil med T-merka ruter, hovudsakleg i Vossafjella, men nokre går og inn i nabokommunane Vik, Aurland, Ulvik og Kvam. I prinsippet merkar dei berre løyper til og frå turisthytter og fjellstover, men med nokre unntak. Dei har m.a. utført merking av stiar i Storåsen. Voss Utferdslag har i tillegg fleire vinterløyper som årleg vert kvista. Ei oversikt over desse kan ein finne på Ut.no. Fleire stiar i Stalheimsområdet er merka i regi av Stalheim landskapsark.

I tidlegare Voss kommune er det tilrettelagt ei rekkje gangveggar og ljosløyper. Kommunen betalar grunnleige (totalt ca. 450 000 pr år) og el. straumutgifter (totalt ca. kr. 300 000 kr. pr år) for ein del av desse løypene.

*Granvin Turlag* har ingen T-merka ruter, kvista vinterløyper eller hytter, men har merka ca. 50 stiar til stølar rundt om i heradet. I tillegg har dei merka fleire stiar til fjelltoppar, m.a. frå Skaftedalen til Horndalsnuten og fleire trasear frå Granvin til Oksen. Stiane ligg på «rett i kartet». Turlaget har fått kr. 5000 frå tidlegare Granvin herad (kulturmidlar).

I tidlegare Granvin herad er det tilrettelagt eit idrett- og friluftsområde i Haugsåsen. Granvin herad betalte årleg ca. kr. 15 000 i grunnleige og straumutgifter til Haugesåsen ljosløype.



### Tilrettelegging og merking

Sti- og turløypenettet i heradet er sett saman av ei rekkje ulike stiar, turvegar, anleggsvegar, landbruksvegar og gamle ferdselsvegar. God tilrettelegging og merking av stiar og løyper er avgjerande for mange for å kunne utøve friluftsliv. I mange år har ulike aktørar laga skilt og merka ulike løyper utan ein fast standard for dette. Det kan vera uheldig og føra til usikkerheit hjå brukarane. Framover bør derfor all merking og tilrettelegging gjerast i tråd med Merkehandboka (Innovasjon Norge m.fl.).



*Frå kongevegen Horvei til Brunborg (foto Gunnar Bergo)*



**Eksisterande stiar/turvegar, sommar (utanom T-merka stiar)**

Løypenavn	Type	Tilrettelegging	Ansvar drift	Kommunalt tilskot
Prestegardsmoen	Turvegar og stiar	Toalett, benkar, infotavler og grusing av vegar	Voss herad	x
Bordalsgjelet	Sti, utsiktspunkt	Sikring, gjerde, infotavler	Voss herad	x
Hanguren	Turvegar og stiar	Merking, infotavler	Voss herad VossResort	x
Raugstadløypa	Turvegar og stiar	Rydding trase, merking	Voss Resort	
Div. løyper	Turvegar og stiar		Voss Ski- og tursenter	
Bømoen	Turvegar og stiar	Rydding trase, merking	Foreninga Bømoløypa	
Horvei- Brunborg	Sti	Kongeveg, merka		
Kolle - Oppheim	Sti	Kongeveg, delvis merka		
Dyrvedalen - Bauthus	Sti	Kongeveg, delvis merka		
Vinje - Oppheim	Turveg	Kongeveg, merka, infotavler		
Haugsvik - Stalheim	Turveg	Kongeveg, merka, infotavler		
Nåli	Sti	Sikring, utsiktspunkt, infotavler	Voss herad	x
Stalheimsfossen	Turveg	Universell turveg, utsiktspunkt, infotavler	Voss herad	x
Sivlesfossen	Sti	Turveg Utsiktspunkt	Voss herad	x
Storåsen	Sykkelsti	Rydding, merking	MTB	
Div. stiar Stalheim	Sti	Merking	Stalheim landskapsark	

X ; årlig bruk av kommunale midlar til vedlikehald



### Eksisterande løyper, vinter

Løypenavn	Type	Tilrettelegging	Ansvar drift	Kommunalt tilskot
Voss ski og tursenter	Ljosløype	Preparerte løyper	Voss ski og tursenter	x
Hangur		Preparerte løyper	Voss Resort	
Myrkdalen Fjellandsby		Preparerte løyper	Myrkdalen Fjellandsby	
Bømoen	Ljosløype			x
Bolstadøyri	Ljosløype	Preparerte løype	Bolstadøyri Turnlag	x
Fagnastøl	Ljosløype	Preparerte løype	Privat	x
Haugsvik	Ljosløype	Preparerte løype	IL Eldar	x
Helland	Ljosløype	Preparerte løype	IL Vargar	x
Kyte	Ljosløype	Preparerte løype	Viljar IL	x
Dalane	Ljosløype	Preparerte løype	Bulken IL	x
Reime	Ljosløype	Preparerte løype		x
Årmotslia	Ljosløype	Preparerte løype	IL Eldar/Ørnar	x
Hjelle-Hodnaberg	Kvista løype	Voss Utderslag		
Hangur-Lønahorgi	Kvista løype	Voss Resort		
Sendedalen-Gullbrå	Kvista løype	Bergen og Hordaland Turlag		
Fyre-Grindaflætene	Kvista løype	Voss Utderslag		
Kårdal-Grindaflætene	Kvista løype	Voss Utderslag		
Hamlagrø		Preparert løype		
Sandfjellet				
Reime		Reime		



### Eksisterande parkeringsplassar

Område	Ansvar	Kommunalt Tilskot (kr. pr år)
Rødno	Voss herad	
Lemme	Voss herad	
Raugstad	Voss Parkering	
Mjølfjell	Mjølfjell Ungdomsherberge	
Langedalen	Voss herad	
Bømoen		
Fyrde		

### Nye friluftaktivitetar

#### Terrensykling

Det er tilrettelagt og merka egne sykkelstiar m.a. i Myrkdalen (i regi av Myrkdalen Fjellandsby) og i Storåsen (Voss Mountain bike klubb, MTB), jf. kartvedlegg. Voss utferdslag har avtale med grunneigarane i Storåsen om merking og tilrettelegging av turstiane i området (ikkje T- merka).

#### Kiting

Det er ikkje tilrettelagt spesielle område for kiting i kommunen og det vert i dag heller ikkje organisert aktivitet i spesielle område. Enkeltutøvarar brukar m.a. område på Vikafjellet til kiting. Turkiting inneber at utøverane kan flytta seg over større område i fjella, og derved kan vera eit uromoment for m.a. villreinstammene.

#### Riding

Bruk av hest til turridding er pr. i dag ikkje særleg utbreidd i heradet. Friluftsløva opnar for riding lang stiar og gangvegar i utmark. Dersom aktiviteten aukar kan det oppstå konflikhtar med andre brukarar som kan medføra trong for å tilretteleggje egne område for denne aktiviteten. Ved Travbanen på Norheim er det tilrettelagt ein ridedsti.

Fleire av dei nye friluftaktivitetane i heradet (som paragliding, basehopping og elvepadling) nyttar dei ulike stiane og turvegane som tilkomst for å utøva sine aktivitetar. God tilrettelegging av løypenettet i heradet er derfor også viktig for desse gruppene.

## 6.3 Kulturminne

I utmarka er det mange spor etter tidlegare ferdsle og aktivitet. I Voss har ein relativt god oversikt over dei viktigaste kulturminna i kommunen og det vart utarbeida ein eigen kulturminneplan i 2004. Informasjon om kulturminne ved eller i nærleiken til turstiar vil kunne gje turopplevinga ein ekstra dimensjon.



### 6.4 Reiseliv

Voss er ein viktig og stor heilårs turistdestinasjon, med meir enn 300.000 kommersielle gjestedøgn pr år fordelt på hotell, hytter og camping. I tillegg har heradet om lag 3500 fritidsbustader, som og utgjør ein viktig del av reiselivsmarknaden.

På årsbasis utgjør norske og utanlandske overnattingar om lag 50% kvar, men nordmenn er i stort fleirtal i vinterhalvåret.

Kva type gjester som er her på dei ulike tidene av året påverkar behova for tilrettelegging og informasjon om bruk og oppleving av naturen. Fotturar med og utan guide er mykje brukt, og er eit attraktivt tilbod sommar og haust. Her er tilgjenge og merking frå sentrum viktig. Utvalde turløyper med informasjon på fleire språk vil og vere viktig for å styre trafikken og gjere ferdsel på eiga hand så trygg som mogleg. Dei siste par åra har det vore ein auke i interessa for fotturar med guide, noko som bidreg positivt til opplevinga, og som styrar trafikken utanom dei mest sårbare områda.

Vinterstid føregår mykje av aktiviteten i skianlegga Voss Resort og Myrkdalen, men det er og ein del som nyttar langrennsløypene og fjellturmoglegheitene. Kart med utvalde turar, skilting frå sentrumsnære startpunkt, og informasjon om tryggleik (fjellvettreglar, skredfare og liknande) bør vere tilgjengeleg. Slike tiltak er gode virkemiddel for å førebygga ferdsle i uønskte område og redusere uønskte hendingar i fjellet.

Dei siste åra har toppturar auka mykje, då toppturutstyr har blitt mykje meir tilgjengeleg. Særleg seinvinteren er attraktiv for denne gruppa, då det ofte er fine forhold i fjellet. Informasjon, kart og anbefalte turar er tiltak som kan bidra til styring av denne trafikken og.

God tilrettelegging for turistane vil og auka tilgjenge for innbyggjarane og bidra til auka lokal bruk av naturen på ein forsvarleg måte.

### 6.5 Biologisk mangfald og urørt natur

#### Villrein


Dei ulike villreinstammene er i ulik grad skye i høve til forstyrrelsar. Til vanleg held dei seg unna område med mykje tekniske inngrep eller meneskeleg aktivitet, som t.d. utøving av friluftsliv. Ein ser m.a. at reinsdyr unngår område kring inngrep som alpinanlegg og område med preparerte skiløyper.

Mindre, tilfeldige forstyrningar, t.d. eit møte med ein turgåar i fjellet fører til reaksjon der og då, men dyra tek som regel opp att same aktivitet kort tid etter forstyrringa. Sterkare forstyrningar, t.d. der dyra får lukta av menneske saman med synsintrykket kan føre til flukt over større avstandar. Gjentakande forstyrningar kan føre til unnviking av det aktuelle området. Langs vegar og stiar kan effekten av forstyrningar forseinke trekk, ved at dyra vegrar seg mot kryssing. Ein del stader kan trafikken vere så jamn at trekket vert blokkert. I tidlegare Voss kommune er det 2 villreinstammer; Fjellheimen villreinområde på Vikafjellet og deler av Raudafjell villreinområde i fjellområda mot Flåm. I tidlegare Granvin herad er det fortsatt ei lite stamme av villrein på Oksenhalvøya.



## Fjellheimen

Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde (2016-2027) set rammer for forvaltninga av leveområda til villreinen i dette området. I analysen av sårbarheit i villreinområda er det utarbeida kart som viser muleg konfliktområde mellom villrein og friluftsliv.



Figur 8 Sårbare område der rein møter veg, vinterutfart eller stiar. Figuren er ikkje gradert.

Kart frå rapporten «Villrein i friluftsområda i Voss herad, ei analyse av sårbarheit»




### Raudafjell

Raudafjell villreinområde vart opna for villreinjakt på 60-talet, men dyra migrerte ut, og området mista sin status som villreinområde. Etter at dyr no har gjenoppteke bruken av desse fjellareala vart Raudafjell på nytt godkjend som eige villreinområde i 2019.

Etter ein periode over fleire tiår utan rein i området har det dei siste 10-15 åra vore jamnlege observasjonar av dyr i dette området. Dei fyrste åra var det bukkeflokkar som vart observert, og dyra vandra inn og ut av området over Gravhalsen. Dei seinare åra har det etablert seg fostringsdyr, og både bukk og simle har nytta fjellområdet heile året.

Bestanden i Raudafjell vart i 2018 berekna til vel 65 dyr. Ein nyleg utarbeidd bestandsplan (førebels ikkje lagt fram for villreinnemnda) har sett eit mål om ei vinter-stamme på 200 dyr.




Figur 15 Kartlagt arealbruk (historisk) for rein syner stort potensial for konflikt med friluftsliv, men dette er avhengig av nivå på ferdsla. Det er ikkje ei uttalt konflikt pr. i dag.

Kart frå rapporten «Villrein i friluftsområda i Voss herad, ei analyse av sårbarheit»



### Oksenhalvøya

Oksenhalvøya er Noreg sitt minste villreinområde, med ca. 80 km<sup>2</sup> teljande areal. Som villreinområde har Oksenhalvøya historie frå 1989. Då vart området etablert med ustetting av 15 innkjøpte rein. Dyra etablerte seg vel, og ei stamme på oppunder 30 dyr bygde seg opp. I 1991 kunne ein byrje å jakte på stamma. Ved tusenårskiftet har stamma vore i nedgang og etter 2008 har det ikkje vore felt rein i området. Bestanden aukar ikkje på tross av observert kalving kvart år. Teljing i 2015/16 synta 12 dyr, og det er anslege ein produksjon på 2-3 kalv årleg.



Figur 13 Kartlagte funksjonsområde på Oksenhalvøya, kjelde: Naturbase.no. Merk at kalvingslandet på Oksen i realiteten er større, og går heilt ned til skoggrensa, her merkt som sårbart.

Kart frå rapporten «Villrein i friluftsområda i Voss herad, ei analyse av sårbarheit»

I Hamlagrø- Bordalenområdet er det vidare ei reinstamme som vert forvalta etter tamreinlova. Desse dyra er mindre skye for menneskeleg aktivitet enn villreinstammene, men det er likevel viktig at ein også tek naudsynt omsyn og ikkje uroar desse reinsflokkane.

### Andre sårbare eller trua artar

Fleire andre sårbare og trua artar lever i Voss herad. Kongeørn og jaktfalk er eksempel på rovfuglar i fjellområda som i hekketida kan bli uroa av menneskeleg aktivitet. I skogsområde er hønsehauk og storfugl eksempel på artar som tilsvarande kan bli uroa. Fleire våtmarksområde har vidare viktige funksjonar for ulike artar og desse områda kan og vera sårbare i høve til ferdsle.



## 7 Moglege konfliktområde

### Nedbygging av natur- og friluftsområde

Ulike tiltak kan føra til nedbygging og/eller forringing av friluftsområde. Spesielt vil nærområda til mest busette områda vera utsett. Ivaretaking og tilrettelegging av verdifulle friluftsområde i nærmiljøa bør derfor ha høg prioritet.

For mange av oss er oppleving av intakt og urørt natur også ein viktig del av friluftslivet. Ulike naturinngrep vil kunne redusere denne verdien. Det er derfor også viktig å ivarta dei mest verdifulle ingrepsfrie områda ( INON- område) i heradet.

### Vasskraftutbygging og vindkraft

I Voss herad er fleire vassdrag regulert til vasskraft. Spesielt er område ved Evanger og Hamlagrø prega av større utbyggingar med regulerte magasin. I tillegg er det dei siste 10-åra bygd ei rekkje elvekraftverk rundt om i heradet. I fleire av desse områda er naturkvalitetane vesentleg redusert. Vossavassdraget ( oppstraums Vangsvatnet) og Granvinselva vart i 1986 varig verna (mot kraftutbygging).

Pr. i dag er det ikkje bygd ut vindkraft i heradet. Ei ev. utbygging av vindkraft i heradet vil medføra store inngrep i form av infrastruktur som nye vegar og kraftliner i tillegg til sjølve vindmøllene.

### Hyttebygging og reiseliv

Hytteutbygging og reiselivsutvikling kan medføra konfliktar både med friluftslivet, viltartar og beitebruk. Før vidare utbygging av slike område bør derfor ev. interessekonfliktar avklarast nærare og mulege kompensierende tiltak vurderast ved ev. utbygging.

### Landbruk

Husdyr på beite kan bli uroa av ferdslе då beite og utøving av friluftsliv ofte skjer i dei same områda og følgjer dei same stiane. Energiforbruket og stressnivået til husdyr kan auke dersom dyra vert utsett for uheldige møte med folk. Ein må derfor utvise omsyn ved å ferdast aktsomt i områder med beitedyr. Spesielt er det viktig at bandtvangen for hund vert respektert. Det bør nærare vurderast om den kommunale forskrifta for bandtvang bør utvidast for å ivareta vilt- og beiteinteressene.

Stor bruk av turløyper og sykkel i utmark kan medføra skader på vegetasjon, som t.d. plantefelt.

### Villrein

Aukande ferdslе i fjellområda kan medføra at villreinen blir uroa. Spesielt under kalving og på vinterstid kan dette vera kritisk for reinsdyra. Også når det gjeld villreinen er det viktig at bandtvangen for hund vert respektert. Informasjonsmateriell om bandtvang bør kunne finansierast ved bruk av midlar frå det kommunale Viltfondet.



### Raudafjell

Det er ikkje konflikt mellom friluftsliv og villreinstamma i dag. Ein bør likevel rekne med at reinen vil få ei større arealbruk ved aukande bestand, slik at område sør i villreinområdet kan verte meir aktuelt som beiteområde. Det vert derfor tilrådd å være forsiktig med å etablere faste trasear som kan skjære av større eller mindre delar av området til halvøyer. Ei maskinpreparert skiløype frå område nytta av mange vil kunne skape ei barriere. Det er i dag for liten kunnskap om beiteressursane, ikkje minst i dei sørlege delene av området.

### Oksenhelvøya

Oksenhelvøya har i dag eit nivå på ferdsla i vestre delar som kan være medverkande til manglande rekruttering av villreinstamma. Det mest kritiske er at kalve- og oppvekstområde på nord og nord-vestsida av Oksen fell saman med eit populært turområde for både skigåing / frikøyning og fotturarar med fleire tilkomststiar. Det vert tilrådd å redusere talet på tilkomststiar. Om vinteren og våren bør ein unngå tilrettelegging ved tilkomst frå nord (Granvinsfjorden) og aust. Ein bør og være merksam på trekksona over skogdalen mellom hovuddelen av området og det nordlege fjellområdet Kvasshovden, og unngå fysiske barrierar i dalen. Det bør ikkje merkast opp nye turtrasear til fjelltoppar som ikkje har dette i dag, særleg vil Midtfjell være sårbar, då dette har både kalvingsland som alternativ til området ved Oksen, og mykje nytta sommarbeiter.

### Fjellheimen

*Vola* – kjerneområde for barmarksbeite, større område med vinterbeiter og dei mest nytta kalvingslanda for vestleg delbestand.

Sjølv om hyttene og stiane ligg inne i det som kan sjåast som kjerneområde for reinen er det i dag ikkje ein uttalt konflikt med rein, med unnatak av aktiviteten i Bavallen og dels Lønahorgi. Her er moglegheita til vinterbeite redusert, men det er snakk om høvesvis små areal.

Volahytta og Tvinnestølen ligg innanfor kjerneområdet for sommarbeiter. Ein bør være obs på tilkomststiane frå sør og aust, då både traseen frå Dyrvedalen, Bavallen og Tvinno går gjennom (Volafjellet) eller passerer (nordsidene til Lønahorgi og Storebrekkuna) områder med snøfonner som reinen brukar til å kjøle seg ned på heite dagar. Nærleiken mellom snøfonner og friske, gode beiter er ein av føremonnene reinen finn på Volahalvøya. Trekk mellom fonnene og beitene gjev trong for å krysse turstiane.

Om ein ser på sti- og veg i samanheng, går det fram at Volahalvøya potensielt kan delast i to, sør- og nord for Vola. Anleggsvegen inn til Store Volavatn frå vest, og DNT-rutene innover til Volahytta, vidare Tvinnestølen og ned til Tvinno, danner ein akse aust-vest som reinen lyt krysse for å utnytte areala på Volahalvøya. På grunn av terrengformasjonar har anleggsvegen berre to, kanskje tre, punkt moglege for kryssing. Strekinga mellom Volahytta og Tvinnestølen vert då sårbar. Her ligg mykje vatn som stenger for trekk i sommarhalvåret, og det vert viktig å halde dei korte passasjane som finst, opne. Særleg vert trekket rett aust for Piksvatnet viktig. Alternativt trekk er mellom Piksvatnet og Volahytta.



Dette vert ein trase delt med turstien frå sør, og passasjen er særleg smal med eit vanskeleg terreng. Aust for Tvinnestølen er det fleire moglegheiter, så sant ein ikkje får nokon barriereeffekt av stien.

Ferdsla på desse stiane er i dag på eit høvesvis lågt nivå, og det verkar førebels som om ein har ikkje fått nokon markert barriereeffekt eller fortrengt dyr frå områda. Slike effektar av ferdsel ser ein i andre villreinområde, og truleg også på andre, meir besøkte delar av Fjellheimen. Truleg er nivået på ferdsla i dag innanfor tolegrensa til dyra, men ein veit ikkje kor grensa for forstyrring går. Det er derfor viktig å være bevisst på å unngå ei marknadsføring og aua tilrettelegging som kan generere stor auke i ferdsla.

*Torvedalen* – Flaskehals for trekk inn- og ut av Volahalvøya. Viktig beite, særleg sårbart som vårbeite for fostringsflokkar

Frå søndre del av Myrkdalen, nærare bestemt Skjervheim, går det ein sti inn til Torvedalshytta som er merkt på anna initiativ enn DNT. Denne møter DNT-stien frå Engjaland der sistnemnde kjem ned i Torvedalen frå Mykjedalen. Desse traseane frå aust kjem på tvers av hovudtrekket inn- og ut av Volahalvøya, og det er stor fare for barrieredanning ved høg ferdsel. Som for stiane i Volahalvøya har også desse traseane framleis så låg ferdsel at det enno ikkje er skapt nokon observerbar barriere. Ei tilrettelegging med utbetring av startpunkta, og evt. marknadsføring av turen, vil auke faren for at det vert danna barriere.

Målet bør være å halde besøket innanfor nivået» lågt bruksnivå». Den merkte stien som kjem opp frå Skjervheim har potensiale for å verte mykje brukt når neste trinn i utbygging av Myrkdalen fjellandsby vert gjennomført. Det vil då verte hytter mykje nærare startpunktet, og tilkomst frå bilveg høgare i lisida enn i dag. Om dette vert ein populær fottur med utgangspunkt i Myrkdalen vil bruksnivået kunne verte så høgt at det vert skapt ei barriere. Stien har samverkande effekt med stien frå Engjaland. Sistnemnde sti har ikkje det same potensialet for å få ei bruk over tolegrensa, og bør være den som vert prioritert om en skal velje kva for sti som skal skiltast opp og være merkt.

*Sendedalen og Finnbufjellet* – Sendedalen ligg i ei viktig trekkorridor mellom aust- og vestsida av Rv 13. Sendedalen og toppen / nordsida av Finnbufjellet ligg innanfor kartlagt større område for både sommarbeite og vinterbeite. Historisk var dette eit kalvingsområde. Finnbufjellet er sårbart som forsommarbeite av mindre flokkar.

Sendedalen er mellom dei mest nytta stiane i Fjellheimen. Dalen vert nytta både sommar og vinter, og det er og noko sykling her. Det vert tilrådd å flytte startpunktet, og med det parkering og informasjon, sørover og ut av den viktigaste sona for kryssing av vegen, gjerne til Finnbuene jfr. Besøksstrategi for Stølsheimen. Det vert frårådd å vidareutvikle området med tanke på sykling. Dalen er og viktig for grunneigarar, endringar av parkering etc. må ikkje skape vanskar for beitedyrhaldet og tilsyn med stølane i området.

Finnbufjellet er topturmål der det og finst ein enkel tilkomst via skianlegget i Myrkdalen. Nedfart frå Finnbufjellet bør styrast mot sør (ned i Myrkdalen) og evt. mot aust. Det bør ikkje leggest til rette for ferdsel frå Myrkdalen over fjellryggen i nord og ned i Sendedalen.



*Området aust for Rv 13*– areala utgjer delar av kjerneområde for sommararbeite for delbestanden på Vikafjellet. Stiar i området går dels i Voss Herad og dels i Vik kommune. Dette er frå vest Rv 13, DNT sti Vikafjell-Målset, Merkt sti Holene-Målset, Dueskardvegen (privat stølsveg, ligg i sin heilskap i Vik kommune) og DNT-sti Vikset-Fosse. Kvar og ein av desse traseane har truleg låg ferdsel pr i dag (unnateke riksvegen), men potensialet for å gjere det «umogleg» for reinen å kome i posisjon til å krysse veggen frå aust er stort ved auke av bruksnivå. Stien frå Vikset går gjennom Dueskard, som er ei særleg viktig trekkzone, då terrenget gjer dette til eit kryssingspunkt reinen kjem innom frå mange retningar. Vikset ligg inst i Brekkedalen, og har høvesvis høg terskel som startpunkt med tanke på tilkøring med bil (samanlikna med dei andre traseane). Det bør vurderast tiltak for å redusere tal parallelle trasear.

*Jordalen - Slettedalen* på austsida av Jordalen er viktig beiteområde på sommar og fjellryggane i området er brukt som vinterbeiter. Området er og rekna som yngleområde då det vert nytta til forsommararbeite av fostringsflokkar.

Fjella mellom Jordalen og Nærøyfjorden har tradisjonelt vore rolege område, lite nytta av tilreisande. Dei seinare åra er området oppdaga som turområde. Særleg er turar til Bakkanosi og Breiskrednosi (sommar) vorte populære, og her er no høgt bruksnivå (i skalaen for denne rapporten). Det er oppstått slitasje i den myrblaute Slettedalen og verneområdeforvaltinga vurderer tiltak som t.d. klopplegging og merking for å få alle til å bruke same trase. Ein har ikkje sett at reinen har slutta å bruke området trass høg ferdsel både 2018 og 2019. Det vert frårådd å gjere tiltak som kan stimulere til høgare bruksnivå enn i dag.

*Fjella sør for Kvanndalen* – Delar av leveområde med terskel for tilkomst

Fjellområda sør for Kvanndalen er aktuelle både som sommar- og vinterbeite. Ein bør være merksam på at området dannar ei eller to halvøyer. Ei avskjæring av trekkruter inn til desse vil føre til eit vesentleg arealtap for delbestanden på Vikafjellet.

### Rovfugl

Det hekkar mellom 13-15 par kongeørn innanfor dei nye kommunegrensene. I minst eit av hekkeområda kan det vera konflikhtar ved tilrettelegging og oppkøying av skiløyper. År om anna hekkar og jaktfalk innanfor kommunegrensene. Det er til no ikkje registert konflikhtar i høve til friluftsliv. Når det gjeld hønsehauk har bestanden gått kraftig tilbake og det er no kun kjent 5-7 hekkeområde med intakte reirplassar. Dei siste åra har kun 3 par gjennomført hekking. I fleire av områda går det stiar / skogsvegar nær reirtrea, men ingen av desse traseane er tilrettelagt eller merka som turvegar.

### Storfugl

Det er kjent fleire spelplassar for storfugl innanfor heradsgrensene. Ved ein stor spelplass har det vore lagt skiløyper nær inn mot leiken. Denne traseen vert pga omsyn til leiken ikkje lenger preparert i perioden då spelplassen er aktiv. I fleire leikområde er det bygd



skogsvegar nær inntil eller gjennom leikområda. Tal fugl på leiken er i fleire av desse områda stert redusert. I nokre tilfelle er heile leikområdet hogd ut.

### Våtmarksfugl

Voss herad har tilrettelagt enkle gangvegar og tilkomststiar i fleire våtmarksområde i kommunen; i Lønøyane, ved Melsvatnet og i Lundarosen. Dette kanalisere ferdsla og har truleg ingen eller heilt avgrensa negativ verknad på fuglefaunanen i området. Det finst og fleire våtmarksområde i skog- og fjellområda i heradet. Ved Grånosmyrane naturresservat går det ein T-merka sti gjennom den sørvestlege delen av området. Stien går utanfor dei viktigaste områda og trafikken er låg slik at det pr. i dag truleg ikkje er negativ påverknad på området.

I Sendedalen (Vikafjellet) er det gjennomført ei sårbarheitsanalyse for å sjå kva verknad ferdselen i området kan ha på våtmarkene og fuglefaunaen i området.

### Naturtypar

Ulike naturtypar ( t.d. våtmarker, myrer) kan vera sårbare for auke ferdsle. Det bør derfor gjerast ei vurdering av dette før ev. tilrettelegging av løyper i nye område.



*Det er tilrettelagt gangvegar langs våtmarksareala i Melsvatnet (foto Gunnar Bergo)*



## 8 Retningslinjer for bruk av utmarksareala i heradet

1. Voss herad prioriterer å tilretteleggja turløyper i nærmiljøet til skular, barnehagar, større bustad- og hytteområde. Lågterskeltilbod bør prioriterast.
2. Om muleg bør rundløyper prioriterast. Vidare bør område med spesielle natur og / eller kulturkvalitetar prioriterast dersom områda tåler ei tilrettelegging. Løyper som ein kan nå med kollektivtilbod bør prioriterast.
3. Ved startpunkt i aktuelle område bør det gjevast informasjon om sårbar natur og sporlaus ferdsle. Informasjon bør samordast mellom dei ulike aktørane i området.
4. Der terrengforholda tillet det bør turvegar ha universell tilrettelegging.
5. Ved nye større utbyggingar (hyttefelt, turistanlegg o.l.) bør det vurderast å stille rekkefølgekrav om etablering av friluftsløyper i nærmiljøet.
6. I nye byggeområde bør det stillast krav om inntil 30 m grønt-korridorar for sikring av god tilkomst til eigna friluftsområde.
7. Ved start og innkøst til mykje brukte turløyper utanfor nærområda bør det det tilretteleggjast for offentleg eller privat parkering. Tilrettelegging med avfallsmottak og toalett bør vurderast i område med høg bruk.
8. Merking og tilrettelegging av stiar og løyper bør gjerast i tråd med Merkehandboka (Innovasjon Norge m.fl.). Samordna informasjon til brukarane er viktig.
9. Det bør så langt som råd arbeidast for å få til frivillige avtaler mellom grunneigarar og tilretteleggar/ utbyggar
10. Informasjon om beitedyr og bandtvang bør formidlast (også på engelsk) i område der turløyper vert tilrettelagt i beiteområde eller inn mot viktige leveområde for villrein.
11. Det bør ikkje tilretteleggjast nye løyper i område der auka aktivitet kan forstyrre eller skade trua artar eller viktige naturkvalitetar. I område der ein manglar kunnskap bør konsekvensar for naturmangfald og spesielle natur- og kulturkvalitetar kartleggjast før ein ev tilrettelegg for friluftsliv.
12. Vesentlege terrengingrep utover rydding av vegetasjon og enkel tilrettelegging av sti/gangveg utløyser krav om handsaming etter PBL.
13. Mulege konflikhtar med kulturminne skal avklarast med kommune / fylkeskommune før evt. tilrettelegging.
14. Vinterløyper i villreinområde bør vurderast stengd på kort varsel (samråd med SNO) dersom omsyn til villreinen tilseier dette.
15. Sykkelløyper bør fortrinnsvis etablerast ved tilrettelegade anlegg/ infrastruktur og bør vera adskilt frå turløyper for gåande. Løyper tilrettelagt for sykling bør merkast som sykkelløype.
16. Sommarløyper (sti) bør ryddast med trase inntil 1,5m, gangveg inntil 2.5m og grusing av sykkelstiar inntil 1,5m.



## 9 Tiltaksplan

Tiltaksdelen viser kva løyper som bør opparbeidast og vedlikehaldast i planperioden. Dei ulike stiane og løypene er klassifisert i ulike løypekategoriar (sti, T- merka sti, turveg, universelt tilrettelagt turveg, sykkelsti osv.). Evt. trong for opparbeiding, bruk av trakkemaskin, ljøs er omtala. Vidare er det vist kva årstid bruken forgår (sommar og/el. vinterløyper) og det er vurdert trong for parkering i tilknytning til løypene.

I samband med planarbeidet er det innkomme totalt 12 innspel om nye løyper, jf. tabell. Nokre av desse gjeld same løyper. Fleire av innspela er teke med i planframlegget.

**Voss ski og tursenter** har planar om fleire nye løyper, både vinter og sommar. I dei aktuelle områda er det fleire og viktige viltinteresser som ein må ta omsyn til ved tilrettelegging av dei ulike løypene.

Mellom dei større hyttefelta på **Reime og Branset** er det planar om ei preparert skiløype over fjellet. Det er her og ynskje å etablere eit skirenn «Sverresrennet». I første omgang frå Reime til Brandset, men på sikt med målgang i Myrkdalen Fjellandsby. Dette krev m.a. naudsynte avklaringar med involverte grunneigarar.

Det er kome innspel på å etablere **sti langs Raundalselva** i ulike etappar ; Tvildemoen-Vetlahelvet, i Bømoenområdet og meir samanhengande frå Reime til Mjølfjell. Planane er under nærare utgreiing av private interesser.

Tilrettelegging av **sykkelløyper** bør skje ved etablert infrastruktur som ved Voss Resort og Myrkdalen Fjellandsby sine anlegg.

### 9.1 Tilrettelegging av friluftstilbod i senterområde

Kommuneplanen for Voss har ein senterstruktur som syner kvar vi i dag har utbygd infrastruktur og der det er ynskjeleg at det meste av folkeveksten skjer i framtida. Desse områda bør derfor også tilretteleggjast med tanke på å kunne utøve friluftsliv i nærmiljøa. Kommuneplan er for tida under rullering og framtidig senterstruktur i Voss herad er her under vurdering.

**Bolstad;** Det er i dag tilrettelagt eit større friområde mot Bolstadfjorden, på sørsida av elva. På andre sida av elva ved postbryggja bør det opparbeidast eit friområde med gangveg langs strandlina. Det er tilrettelagt lysløype på Horvei. Det bør og vurderast å laga til stiar (rund-løype) i Åsen.

**Evanger;** Ved postbryggja er det opparbeida eit lite friområde. I området under Styveshorgi er det ulike vegar og stiar som i dag blir brukt av dei lokale. Det bør vurderast å laga til rundløyper av desse og merka rutene.

**Voss sentrum;** Prestegardsmoen er kommunen sitt største og viktigaste friområde. I tillegg har ein gode turtilbod i området Raugstad- Hanguren- Bavallen. Det er viktig å sikra god tilkomst frå sentrum til desse områda. Voss Resort arbeider med å tilretteleggja ulike sykkelløyper frå Hanguren og mot sentrum / Bavallen i samarbeid med aktuelle grunneigarar.



**Palmafossen;** Bømoen er det viktigaste friluftsområdet på Palmafossen. Området blir og nytta av mange andre i heradet og bør vidareutviklast i samarbeid med nye eigarar.

**Bjørgum;** Det er tidlegare opparbeida mindre gangveggar ved Opelandstjørni. Desse bør ryddast og settjast i stand. Områda Mellom Bjørke og Opelandsstølen har fleire vegar og stiar som er godt eigna til friluftsliv.

**Skulestadmoen;** Det er opparbeida gangveggar på sør- og vestsida av Melsvatnet. Det er vidare gode turveggar frå Bavallen mot Hanguren. Det er viktig å sikre og opparbeide god tilkomst (til fots) til desse områda frå bustadfeltet.

**Vinje;** Det er tilrettelagt mindre badeplassar langs elva. Kongevegen frå Vinje til Oppheim er godt eiga for fottur på sommarstid. Det bør arbeidast for at denne trasen kan preparerast som skiløype på vinteren.

**Myrkdalen;** Det er opparbeida ulike turstiar i området. På vinterstid er det gode langrennsløyper i Årmotslia og ny gangbru har no sikra lettare tilkomst til dette området. Det vert og arbeida for å tilretteleggja sykkelløyper i lia over dette området.

**Granvin;** Det er tilrettelagt eit friområde ved fjorden. I Haugsåsen er det gode turløyper. Den gamle jernbanetrasen på vestsida av Granvinsvatnet er vidare godt eigna både til gang- og sykkelturar.

## 9.2 Villreinområda

I kap.6 er mulege konfliktområde med villreinstammene omtala. Det kan vera aktuelt å fjerne merking/ tilrettelegging av stiar i nokre av desse områda dersom utviklinga tilseier dette. Det er derfor viktig å overvaka bruken og utviklinga i desse områda både når det gjeld friluftslivet og villreinen.

## 9.3 Opparbeiding og drift

Det bør kvart år settjast av kommunale midlar til opparbeiding, drift og vedlikehold av løypenettet i heradet. Område som er merka med **x** bør ha prioritet ved fordeling av kommunale midlar.

Turlaga, ulike ski og løypelag m.fl. gjer ein verdifull innsats ved både opparbeiding og vedlikehold av løypenettet i heradet. Det er derfor viktig å ta vare på samarbeidet og utvikla dette vidare i planperioden.



## 9.4 Tiltaksplan

### Tiltaksplan, eksisterande stiar, turveggar, sykkeløyper - sommar

Nr	Løypenavn	Type	Tilrettelegging	Ansvar drift	Tiltak 2020-2024	Kommunal tilskot 2020-2024
1	Prestegardsmoe n	Heilårs friluftsområde med turveggar	Vegar, stiar benkar, infotavle, toalett	Voss herad	Vedlikehald Toalett	x
2	Bømoen	Heilårs friluftsområde med turveggar	Turveggar, stiar	For- eninga Bømo- løypa	Vedlikehald, evt. omlegging av trasear	x
3	Hanguren- Bavallen	Turveggar, stiar	Skilting	Voss Resort	Vedlikehald, tilrettelegging nye løyper, ny skilting. Info om beitedyr	
4	Raugstadløypa	Sti	Skilting	Voss Resort	Vedlikehald	x
5	Bordalsgjelet	Sti, utsiktspkt.	Sikring, infotavle, P- pl.	Voss herad	Vedlikehald	x
6	Vinje- Oppheim	Turveg (del av Kongeveg)	Skilting, infotavle		Vedlikehald	x
7	Løypenettverk	Sti og turveggar	Stiar, asfalterte løyper, og turveggar	Voss Ski- og tursent er	Vedlikehald Nye stiar	x
8	Nåli	Sti, utsiktspunkt, info verdsarv	Benkar, infotavle	Voss herad	Vedlikehald	x
9	Stalheimsfossen	Universell turveg	Benkar, infotavle	Voss herad	Vedlikehald , opparb. P-plass	x
10	Sivlesfossen	Sti, utsiktspunkt	Benker	Voss herad	Nytt utsiktspkt. på toppen, Opparbeide parkeringsp l nede ved foten av kleiva	x



11	Tvilde/ Gjeraker-Vasslia	Sykelsti	Rydding, skilting	MTB	Vedlikehald	
12	Horvei - Brunborg	Turveg (del av Kongeveg)	Rydding trase, merking	Voss herad	Vedlikehald	x
13	Vola - Kvitanosi	Sti	Skilting, infotavle	Voss herad	Vedlikehald	x
14	Mjølfjell-området	Stiar	Skilting	Mjølfjell vel	Vedlikehald	
15	Kvanndal-Kvanndalstølen	Sti	Rydding trase, steintrapper	Voss Utferds-lag	Vedlikehald	
16	Tjøflot- Oksen	Sti	Vedlikehald sti, parkeringsplass	Voss herad	Vedlikehald	x

X – årleg vedlikhald

### Tiltaksplan, nye stiar, turvegar, sykkelløyper - sommar

Nr	Løypenavn	Type	Ansvar drift	Tiltak 2020-2024	Kommunalt tilskot 2020-2024
17	Finne - Jakobskyrkja	Sti	?	Rydde trase, merking	
19	Langedalen		MTB ?	For sykkel	
21	Div. stiar	Stiar	Voss ski og tursenter	Reetablering av gamle stiar	
22	Årmotslia	Sykkelløype	Myrkdalen Fjellandsby	Rydde trase, opp grusing	
23	Raundaleelva	Stiar (del-trasear langs elva)	Priv. initiativ	Utarbeide overordna plan	
52	Hangur-Bavallen	Sykkelløyper	Voss Resort	Tilrettelegging sykkeløyper	
53	Ørnaberget	Sti frå togstopp til Ungdomshearb	Voss herad /Mjølfjell Ungdomshearberge	Utbedring, vedlikehald	



### Tiltaksplan, eksisterande løyper - vinter

Nr	Løypenavn	Type	Til rette- legging	Ansvar drift	Tiltak 2020-2024	Kommunal t tilskot 2020-2024
24	Div løyper	Ijosløype	Preparert e løyper	Voss ski og tursenter		x
25	Hangur		Preparert e løyper	Voss Resort		
26	Myrkdalen Fjellandsby		Preparert e løyper	Myrkdalen Fjellandsby		
27	Bømoen	Ijosløype	Preparert e løyper	Foreninga Bømoløypa		x
28	Bolstadøyri	Ijosløype	Preparert løype	Bolstadøyri Turnlag		x
29	Fagnastøl	Ijosløype	Preparert løype	Privat		x
30	Haugsvik	Ijosløype	Preparert løype	IL Eldar		x
31	Helland	Ijosløype	Preparert løype	IL Vargar		x
32	Kyte	Ijosløype	Preparert løype	Viljar IL		x
33	Dalane	Ijosløype	Preparert løype	Bulken IL		x
34	Reime	Ijosløype	Preparert løype	Reimegrend løypelag		x
35	Årmotslia	Ijosløype	Preparert e løyper	IL eldar/Ørnar		x
36	Hangur- Lønahorgi	kvista løype		Voss Resort		
37	Hjelle- Hodnaberg	kvista løype		Voss Utferdslag		
38	Sendedalen- Gullbrå	kvista løype		Bergen og Hordaland Turlag		
39	Fyre- Grindaflætene	kvista løype		Voss Utferdslag		
40	Kårdal- Grindaflætene	kvista løype		Voss Utferdslag		



### Tiltaksplan, nye løyper - vinter

Nr	Løypenavn	Type	Ansvar drift	Tiltak 2020-2024	Kommunal tilskot 2020-2024
41	Div. løyper	Skiløyper rundløype	Voss ski og tursenter	Det skal utarbeidast ein detaljplan før nye skiløyper kan realiserast. Det bør utarbeidast info om kva omsyn ein bør ta til vilt-interessene i området. Rydde løypetrase Preparering/ sporsetting	
42	Herresåsen-Litrane	Skiløype rundløype	Voss ski og tursenter	Rydde løypetrase Preparering/ sporsetting	
43	Kvasshaugane Litrane-Vindeggi	Skiløype	Voss ski og tursenter	Før ev. opparbeiding skal ev. konflikter med viktige viltområde undersøkast. Rydde løypetrase Preparering/ sporsetting	
44	Skredhovden - Brynahodlene	Skiløype rundløype	Voss ski og tursenter	Rydde løypetrase Preparering/ sporsetting	
46	Oksli	Skiløype rundløype	Haugsvik løypelag	Skal ikkje tilretteleggjast før avklaring i	



				høve til konsekvensar for villrein og andre sårbare artar. Rydde løypetrase, preparering av løype.	
47	Langedalen-Lemme	Delvis trase «Ørnarrennet»		Rydde løypetrase, preparering av løype	
48	Vinje - Oppheim	Skiløype postvegen	?	Preparering av løype	x
50	Lemme-Kolingseggi	Rundløype	??	Preparering av løype	
51	Skiløype Reime - Brandset	Skiløype turrenn (trase «Sverresrennet»)	Raundalen og Vossestrand Skiandelslag	Skal ikkje tilretteleggjast før avklaring i høve til konsekvensar for villrein og andre sårbare artar. Rydde løypetrase, preparering av løype	

### Tiltaksplan, eksisterande parkeringsplassar

Nr	Område	Ansvar	Tiltak 2020-2024	Kommunalt tilskot 2020-2024
	Rødno	Voss herad		
	Lemme	Voss herad		
	Raugstad	Voss Parkering		
	Mjølfjell	Voss herad og Mjølfjell Ungdomsherberge	Inngå ny avtale om ålmen bruk av P- plassen	x
	Hjelle			
	Ospehaugen, Kvitno			
	Hamlagrø			



	Rong			
	Haugsåsen, Granvin			
	Tveito, Granvin			


### Tiltaksplan nye parkeringsplassar


Nr	Område	Ansvar	Tiltak 2020-2024	Kommunalt tilskot 2020-2024
	Jordalen	Voss herad  Verdsarvparken	Tal P-plassar for turar mot Bakkanosi bør ikkje aukast pga villrein. Inngå avtale med grunneigarar om parkering og trafikkavvikling i området. Info om verdsarv og villrein	x
	Sendedalen	?	Inngå avtale med grunneigarar.. Ev. opparbeiding. Info om villrein	x
	Skiple, ved bomveg	?	Inngå avtale med grunneigarar.	





## Kart, nye løyper


NB ! – Traseane er kun grovt avmerka på karta og må nærare avklarast ved ev. tilrettelegging.






















52





## 10 Vedlegg

### 10.1 Definisjonar

Sti er eit tydelig og samanhengande trakk i terrenget som har oppstått gjennom bruk eller aktiv tilrettelegging.

Turveg er ei opparbeida og samanhengande ferdselsåre med jevnt og fast toppdekkje med minst 1,2 m breidde.

Løyper er ferdselsårer på snødekt mark som jevnleg vert trakka/sporsett eller som vert merka eller vert kvista som traséar for vinterferdsle.

### 10.2 Tilskotsordningar

Kommunen

Fylkeskommunen

Løype- og infrastrukturfond (utbyggingsavtaler)

SMIL-midlar ; tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket har bl.a. som formål å ivareta natur- og kulturminneverdiane i landbruket. Aktuelle tiltak kan være tilrettelegging for bedre tilgjengelegheit og opplevsar i landskapet.

Gjensidigestiftelsen; støttar bygging og tilrettelegging av anlegg og område for ulik fysisk aktivitet som idrett og friluftsliv.

Statskogmillionen: <https://www.statskog.no/nyheter/stotter-friluftsliv-landet-rundt>



## 10.3 Oversikt over kommunale tilskot til grunnleige og straum i Voss kommune, 2019

Grunnleige		Straum	
Stad	Sum	Stad	Sum
Skulestadmo idrettsplass	64 482	Bavallen hoppbakke	6 772
Oppheimsheisen	38 861	Bavallen nedre løype	16 404
Robane Vangsvatnet	21 152	Bavallen øvre løype	13 867
Voss ski- og tursenter, stadion	21 836	Bjørgum idrettsplass	14 279
Voss ski- og tursenter, turløype	36 370	Bolstadøyri ljosløype	3 617
Bavallen idrettsløyper	243 541	Bømoen	11 996
Raugstadløypa	20 411	Eidesmo idrettsplass	3 348
Bolstad	1 500	Evanger alpinanlegg	3 284
Dalane ljosløype (Nestås)	18 271	Fagnastøl ljosløype	3 489
Bolstadøyri ljosløype	5 949	Framnesbakken	3 867
Raundalen ljosløype	1 457	Haugsvik ljosløype	3 433
Tunåsen hoppbakke	4 120	Helland ljosløype	3 394
Eideshagen idrettsplass	41 196	Herresåsen	27 321
Haugseåsen ljosløype	10 085	Idrottsplassen banar	71 502
<b>Totalt</b>	<b>519 146</b>	Idrottsplassen Sundve	9 136
		Kyte ljosløype	5 113
		Nestås ljosløype	8 926
		Palmafossen ljosløype	14 504
		Reime ljosløype	2 962
		Skulestadmo	
		idrettsplass	5 296
		Tillung hoppbakke	4 534
		Tunåsen hoppbakke	14 939
		Årmotslia ljosløype	8 325
		Palmafossen	
		idrettsplass	8 514
		<b>Totalt</b>	<b>268 821</b>



Voss herad

## 10.4 Villrein i friluftsområda i Voss herad, ei analyse av sårbarheit (eigen rapport)

Villrein i friluftsområda i Voss herad, ei analyse av sårbarheit



Siri W. Bøthun

**Sogn Naturforvaltning AS**

Rapporten er tilgjengeleg som eige vedlegg (*her er kun forside på rapporten vist*)



## 10.5 Oversikt over Voss Utferdslag sine T-merka ruter i Voss herad


Voss Utferdslag sine T-merka stiar


	Kilometer
Rong - Folkedal	7,8
Rong – Ålvik	11,7
Rong - Gråsida - Torfinnsheim	24,9
Kvanndal - Rong	13,7
Torfinnsheim – Roset – Gjelle	22,0
Hodnaberg – Botnen	12,4
Torfinnsheim – Nedre Kvålsdalen	3,6
Hodnaberg – Torfinnsheim	2,3
Timeglaset - Nansenbu	1,2
Nansenbu - Torfinnsdalen	2,5
Afdal – Tvinnestølen	7,7
Tvinnestølen – Vola	3,6
Volahytta – Voladammen	2,1
Volahytta – Torvedalen	11,8
Torvedalen – Gullbrå	3,3
Torvedalen – Reppane	9,8
Mølster – Valberg – Volahytta	20,6
Bavallen – Lønahorgi	9,0
Målset - Torvedalen	28,7
Dyrvedalen - Volahytta	15,1
Brandset – Reimegrend	17,3
Mjølfjell – Ulvikahøgda	14,5
Ljosandbotn – Grindafletane	18,3
Fyrde – Grindafletane	15,1
Grindafletane – Brekke (Flåm)	13,7
Grindafletane – Langhuso	12,9
Upsete – Grindafletane	18,9
Upsete – Kaldevasshytta	6,6
Myrdal – Kaldevasshytta	5,7
Hallingskeid – Kaldevasshytta	17,7
Lemme – Oppheim	12,9
Storåsen (Ikkje T-merka)	13,7
SUM kilometer	381,1





## Voss herad

**Kart** som viser Voss Utferdslag sine stiar, raud strek (jf. tabell over). I tillegg er Granvin Turlag sine merka stiar, blå strek (ikkje T-merka) vist på kartet. Stiar med grønn strek er Bømoløypa og stiar opparbeida av Voss herad. Interaktivt kart er tilgjengeleg på nettsidene til Voss herad.











## 10.6 Vedtak, Voss heradstyre sak 94/20

Sti- og løypeplan for Voss herad 2020-2024 vert vedteken med desse endringane i høve planutkast, datert 31.03.2020, ;

- Merknadane frå Vestland fylkeskommune skal innarbeidast i planen.
- Oversikt over T- merka stiar utarbeida av Voss utferdslag skal ligge som vedlegg til planen. Det skal i tillegg utarbeidast eit kart som viser desse stiane.
- I kap.8 (retningslinjer) pkt. 10 skal det stå «leveområde» og ikkje «funksjonsområde».
- Tiltak nr. 20 og 49 i Oppheimsdalen skal utgå av planen.
- Den maskinpreparerte løypa frå Myrkdalen til Kvanndalen bør vurderast nærare i høve til om den kan hindre villreinen i å bruke beiteområda lengre sør.
- Det bør pga. villreininteressene ikkje opparbeidast fleire P- plassar i Jordalen.
- Tiltak nr. 46 og 51 skal ikkje tilretteleggjast før det er nærare avklara kva funksjon desse områda kan ha for villreinstamma og ev andre sårbare artar.
- Dei ulike forslaga frå villreinnemnda for ivareta villreinstamene skal takast med i dei vidare vurderingane når løypenettet i heradet blir utvikla.
- Det skal lagast ei betre kartløyising i planen som viser både eksisterande og planlagde løyper.
- Voss herad ynskjer å utvikla samarbeidet med Voss Resort om Raugstadløypa og løypenettet i området Hanguren-Bavallen.
- Feila i planutkastet som er påpeika av Voss Utferdslag skal rettast opp. Stinamn skal rettast i tråd med uttalen frå Utferdslaget.
- Det skal utarbeidast ein detaljplan for nye skiløyper ved Voss ski og tursenter (nr. 41) før desse evt. kan realiserast.
- Det skal innarbeidast ei målsetning i planen ( kap.7) om å vurdere ei utviding av den lokale forskrifta om bandtvang for hund med omsyn til å ivareta vilt- og beiteinteresser.
- Tiltak nr. 45 i Voss ski og tursenter skal utgå av planen.
- Tiltak nr.16 ( sti frå Øyjordi til Vinjaliene) skal utgå av planen.
- Ved evt. vidare utvikling av løypenettet i Voss ski og tursenter bør det utarbeidast relevant informasjon om kva omsyn ein bør ta til viltinteressene i området.
- Den planlagde løypa Litrane -Rong (nr. 43) skal undersøkast nærare i høve til ev konflikt med viktige viltområde før den ev kan opparbeidast.
- Stien frå Tjoflot til Oksen skal inngå i tabellen over eksisterande stiar ( sommar). Voss herad bør inngå eit samarbeid med grunneigarane om vedlikehald av stien og P-plass.
- Håmyrane naturreservat i Storåsen skal nemnast i planen (kap 3).
- Tiltak nr. 11 skal omtalast som Tvilde/ Gjeraker- Vasslia.
- Moglege skader frå friluftslivet på skog skal omtalast i kap. 7
- Pkt. 11 i kap. 8 skal ha slikt tillegg ; I område der ein manglar kunnskap bør konsekvensar for naturmangfald og spesielle natur- og kulturkvalitetar kartleggjast før ein ev tilrettelegg for friluftsliv.
- Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap skal omtalast i kap.3.
- Voss herad bør i samarbeid med Mjølfjell Ungdomsherberge arbeida for at avtalen om parkering for ålmenta kan fornyast og at ein i fellesskap kan utbedra vegen ned frå togstoppet ved Ørnaberget. Tilsvarande bør ein samarbeide om å få tilrettelagt informasjon om Rallarvegen ved Ungdomsherberget.



- Heradsstyret ber rådmannen ta initiativ til eit samarbeid med ulike aktørar som t d Voss utferdslag og Destinasjon Voss for å gjera stiar og løyper i planen kjende for innbyggjarane og besøkjande i Voss herad. Tilgjengelege parkeringsplassar vert ein del av oversikta.
  - Heradsstyret ber rådmannen sjå på om det er mogleg å nytte midlar frå viltfondet til å produsera materiell om villrein, båndtvang mm, ref punkt 10 i Retningslinene. Grunneigarar, utferdslaget m fl kan henta materiell for å henge opp.
  - Ber om det vert vist til §11 i Friluftsløva i den nye Sti- og løypeplanen for å løfta fram og gjera allemannsplikta meir kjend.
  - I pkt. 6 under «nye friluftaktivitetar» bør ein få inn fleire aktivitetar som nyttar ulike stinettverk og tilretteleggingar: paragliding, basehopping, elvepadling, bading.
  - I pkt. 7 legg ein til tre underpunkt:
    1. Nedbygging av sentrumsnære frilufsareal.
    2. Utbygging av kraft.
    3. Reduksjon av INON områder.
  - Planen skal rullerast innan 31.12.2021. Alle innspel som er kome fram i heradsstyret skal fylgja saka.
- 
- Voss herad vil vurdere bruk av solcelledrivne gatelykter i tilfelle der det er ynskje om ljøs ved løypetrasear
  - Aktuelle aktørar skal involverast i det vidare arbeidet med planen.
  - Faktafeil i planen vert retta.
  - Utval for klima og miljø utnemner saksordørar som føl saka ved rullering.